**Fra:** kåre jordal <kjordal@online.no>
**Sendt:** 21. januar 2016 22:36
**Til:** bergen.havn@bergen.kommune.no; fmhopostmottak@fylkesmannen.no; regional@hfk.no; Postmottak Lindås
**Kopi:** 'Ola Johannes Jordal'
**Emne:** Merknad til"Oversending av dispensasjonssøknad til uttale - gbnr 139/7 Tveiten Nedre" i Lindås kommune.

Bergen og omland havnevesen
Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland fylkesekommune v/regionalavd.
Lindås kommune

Alversund 21.01.2016

Merknad til oversending av dispensasjonssøknad for kai på gnr. 139, bnr. 7 i Lindås, dagsett 8.1. 2016 til uttale.

Til vurderinga: ……Omsøkte tiltak vil verte svært synleg og dominerande i strandsona, og vil føra til ein vesentleg endring av det eksisterande landskapet…..

Naustområdet på bnr. 7 ligg innafor den utbygte delen av Alversundet. Her er fleire omfattande private og kommunale installasjonar langs heile sundet, nokre av nyare dato og. Rett ovafor vårt området ligg friluftsområdet Geitholmen med store kaianlegg etter den tid det var lagerverksemd her. Området er flittig brukt av små og større båtar i sumarhalvåret. Dette er det utbygte bruksmiljøet me har lyst å visa fram i Alversundet og på ein god og tenleg måte, for dei som brukar det og. Alversundet er elles rikt på uutbygt og fint landskap som sjølsagt bør takast vare på. Det aktuelle strandarealet er ei lite tilgjengeleg hylle som berre kan nåast ved ”klatring”. Området eignar seg svært godt til kai til om bord og avstiging for småbåt pga god djupn. Vår markerte strandlinja er er grå og svartfarga og eit lite anlegg med tilpassa fargar vil gli fint inn i dette. Anlegget vil etter vårt syn ikkje vera noko minus for miljøet i sundet, men gje tilkomst til strandsona her.
Vonar de ser positivt på denne søknaden der nytten for vår del er stor og ulempen for andre vanskelg å finna.

Helsing

For Yvonne C. og Ola J. Jordal

Kåre Jordal (e.f.)
Klokkarstien 21,
5911 Alversund